

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 16.11.2021

Roger Piilskog, LO, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Yrkesopplæringsnemnda meiner eit grunnleggjande prinsipp i fagopplæringa er at lærebedrifta skal ha eigen kompetanse og produksjon i lærefaget. Opplæringsansvaret må ligge i lærebedrifta fordi det er der produksjon og opplæring skjer.

Nemnda kan difor ikkje støtta fylkesdirektørens tilråding om å kunne godkjenne opplæringskontor som lærebedrifter.

Yrkesopplæringsnemnda meiner likevel at lærebedriftene har nytteverdi av å vere med i eit opplæringskontor, og at det er ei stor føremon for lærebedriftene å vere medlem i eit opplæringskontor. Sjølv om mykje godt arbeid vert gjort frå opplæringskontora, er det slik at medlemskap ikkje er eit lovkrav, og elles er det heller ikkje på nokon måte regulert korleis ansvar for lærlingen si opplæring skal vere avtalt mellom lærebedrift og opplæringskontor. Eit tydeligere skille og avklaring av roller og ansvar mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommunen vil vera ei føremon.

Nemnda ser difor behov for betre harmonisering av regelverket, og meiner at det vil vere positivt å regulere forhold mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommuna i ei forskrift.

Nemnda meiner og at i ei slik forskrift må det leggast inn at styret i eit opplæringskontor skal ha representasjon frå arbeidstakersida, når deira organisasjonar ber om det, som uttalt i vedtak i Yrkesopplæringsnemndas møte 26.mai 2020.»

Avrøysting

Piilskog sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringssvaret på NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik det kjem fram av saksutgreiinga
2. Fylkesdirektøren tilrår at departementet i lag med fylkeskommunane arbeider vidare med kriteria for fylkeskommunale rammetilskot, slik at tilskota er i tråd med målsetjingane i fullføringsreforma.
3. Yrkesopplæringsnemnda meiner eit grunnleggjande prinsipp i fagopplæringa er at lærebedrifta skal ha eigen kompetanse og produksjon i lærefaget. Opplæringsansvaret må ligge i lærebedrifta fordi det er der produksjon og opplæring skjer.

Nemnda kan difor ikkje støtta fylkesdirektørens tilråding om å kunne godkjenne opplæringskontor som lærebedrifter.

Yrkesopplæringsnemnda meiner likevel at lærebedriftene har nytteverdi av å vere med i eit opplæringskontor, og at det er ei stor føremon for lærebedriftene å vere medlem i eit opplæringskontor. Sjølv om mykje godt arbeid vert gjort frå opplæringskontora, er det slik at medlemskap ikkje er eit lovkrav, og elles er det heller ikkje på nokon måte regulert korleis ansvar for lærlingen si opplæring skal vere avtalt mellom lærebedrift og opplæringskontor. Eit tydeligere skille og avklaring av roller og ansvar mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommunen vil vera ei føremon.

Nemnda ser difor behov for betre harmonisering av regelverket, og meiner at det vil vere positivt å regulere forhold mellom lærebedrift, opplæringskontor og fylkeskommuna i ei forskrift.

Nemnda meiner og at i ei slik forskrift må det leggjast inn at styret i eit opplæringskontor skal ha representasjon frå arbeidstakarsida, når deira organisasjonar ber om det, som uttalt i vedtak i Yrkesopplæringsnemndas møte 26.mai 2020.